

## Vedlegg til oppretting av stafettlogg

Føremålet med elektronisk stafettlogg er å samarbeida betre om tiltak som er til beste for barnet. Føresetnaden for ei slik målsetjing er eit godt samarbeid og open kommunikasjon, noko den elektroniske stafettloggen er eit eigna verktøy for.

- Pålogging til stafettloggen ligg på tryggleiksnivå 4 der ein må bruka bankID for å logga seg på. Det vil såleis vera uråd for utanforståande å logga seg på og lesa innhaldet.
- Når ein opprettar logg på nivå 0 og 1, har berre den tenesta som har oppretta loggen tilgang. Ein lastar då opp dette vedlegget i loggen.
- Skal andre tenester få tilgang i loggen (nivå 2 og 3), krev det signert fullmakt av føresette. Den signerte fullmakta skal då lastast opp i loggen. Føresette kan også inndra fullmakt.
- Når ein nyttar elektronisk logg, vil føresette til ei kvar tid kunna lesa kva som står i loggen. Føresette kan også gje tilbakemelding gjennom loggen når det har skjedd ei positiv utvikling.